



[Mottakernavn]
[Adresse]
[Postnr] [Poststed]
[Kontakt]

Saksbehandlar, innvalstelefon

Greta I. Hanset, 71 25 85 47

Søknad om tilskot til kompetanse- og innovasjon 2022 - kap.0761 post 68

Statsforvaltaren har ansvar for forvaltninga av kompetanse- og innovasjonstilskot, jf. Statsbudsjettet kap. 761, post 68.

Informasjon og nytt i 2022

- Nytt søknadsskjema, men regelverket og rapporteringsskjema er det same som i 2021.
- Tidlegare satsar per tiltak fell bort – kommunen må prioritere kostnad/tiltak – skriv i merknad.
- Det kan søkast om maks fem innovasjonsprosjekt, inkludert dei som blir vidareført.
- Kommunane må prioritere – både ved kompetanse tiltak og innovasjonsprosjekt.
- Statsforvaltaren skal i sin vurdering også legge vekt på kva for kommunar som i særleg grad har behov for kvalifisert tilsette.
- Mangelfull utfylt søknad blir returnert til kommunen for retting. Husk å skrive i merknad ved t.d. anna utdanning - skriv kva for utdanning det er, kompetanseplan - er den politisk vedtatt, og evt. når den skal vedtakast.
- Innovasjonsprosjekt; skriv kort og konsist.
- Forvaltning av midlar frå det nasjonale velferdsteknologiprojektet ved Helsedirektoratet vart avslutta i 2021.
- Kommunane skal koordinere søknadane og sende **ein** felles søknad til Statsforvaltaren. Skjema finn du på nettsida vår .
- Søknads- og rapporteringsskjema skal sendast i Excel, i tillegg til ein skriftleg del.

Kven kan søkje

Kommunar kan søkje på ordninga, gjerne i samarbeid med andre kommunar, helseføretak, næringsliv, frivillig sektor eller andre aktørar. Tiltak som har innovasjonsfellesskap med næringsliv og/eller utdannings- og forskingsinstitusjonar skal ha eit fortrinn.



Tildelingskriteria og beløp til fordeling i 2022 i Møre og Romsdal

Ramma for kompetanse og innovasjonstilskotet for 2022 er på totalt kr. 19 944 000.

Fordelinga i prioritert rekkefølge:

- Grunn-, vidare- og etterutdanning og kompetansetiltak om rus og psykiske lidingar kr. 14 832 000
- BPA og innovasjonsprosjekt kr. 4 806 000
- Innovasjonsprosjekt - Modellar for avlasting kr. 306 000

Kvalitetsreforma for eldre – Leve hele livet

Det er vedtatt at kommunane som omstiller seg i tråd med kvalitetsreforma vil bli prioritert innanfor ei rekke relevante tilskotsordningar frå og med 2021. Alle kommunane i Møre og Romsdal fyller kriteria for å bli prioritert innanfor dei øyremerka tilskotsordningane i 2022.

Søknaden skal sendast til Statsforvaltaren på e-post: sfmrpost@statsforvalteren.no

Søknadsfristen er 08.april 2022.

Rapportering

Resultata av innovasjonsprosjekta skal dokumenterast og Statsforvaltaren vil vurdere i kva grad prosjekta har overføringsverdi til andre kommunar. Kommunen må være budd på å medverke til vidareformidling av resultat frå prosjekta og stimulere til læring og erfaringsutveksling i samarbeid med Statsforvaltaren.

Frist for rapportering er 18.mars 2022.

Kontaktpersonar hos Statsforvaltaren

Greta Irene Hanset, fmmrgrha@statsforvalteren.no tlf. 71 25 85 47

Eli Mette Finnøy, fmmrelfi@statsforvalteren.no tlf. 71 25 85 82

Informasjon om tilskotet med skjema for søknad og rapportering, samt regelverket, finn du på våre heimesider under Tilskotskalender her: <https://www.statsforvalteren.no/nn/More-og-Romsdal/Tilskot/>

Med helsing

Kjersti Bakken(e.f.)
ass. direktør

Greta Irene Hanset
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakarar:

Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Ulstein kommune	Pb. 143	6067	ULSTEINVIK
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Fjord kommune	Olavsgata 10	6210	VALLDAL
Hustadvika kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN
Gjemnes kommune	Rådhuset, Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Sande kommune	Rådhuset	6084	LARSNES
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Vanylven kommune	Rådhuset	6143	FISKÅBYGD
Giske kommune	Rådhuset, Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Vestnes kommune	Rådhuset	6390	VESTNES
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
Sykkylven kommune	Rådhuset, Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN